

Praksiskonsulentordning (PKO) ved sjukehus i Rogaland

• AV DAGFINN CARLSEN

Sentralsjukehuset i Rogaland (SiR) og Fylkessjukehuset i Haugesund (FiH) etablerte i juli 1999 PKO som ei fast ordning. Før dette hadde ordninga vore i drift i omlag eit år som prosjekt. Modellen er henta frå Danmark der ein starta opp i Odense (Per Grisnsted) for 10 år sidan. Denne artikkelen gir eit kort innblikk i ordninga slik ho fungerer ved SiR.

PKO SiR

Ved alle kliniske avdelingar arbeider ein erfaren allmennpraktikar (praksiskonsulent) i deltidstilling (gj.snitt 2 t/v). Ein allmennpraktikar i noko større stilling (samarbeidskoordinator 8 t/v) bind det heile saman og er ansvarleg for kontakten med serviceavdelingane og med administrasjonen. Ordninga er betalt av SiR og direkte underlagd sjukehusdirektøren. Praksiskonsulentane har 4-5 fellesmøte kvart halvår. Sjeflege, sjefsjukepleier og sjukehuset sin kvalitetskoordinator deltek som regel i fellesmøta. Andre av sjukehuset sine folk møter etter invitasjon.

Kva er PKO

PKO er i funksjon eit nettverk av allmennpraktiserande legar som skal sikra og styrka samarbeidet mellom sjukehuset sine avdelingar, allmennpraktiserande legar og den kommunale pleie- og omsorgstenesta til beste for kvar pasient.

PKO bidreg til å sikra heilskap og kvalitet i heile pasientforløpet på tvers av linjer og forvaltningsnivå. Eit godt og pasientsentrert samarbeid krev ansvarleggjering av fagpersonar på alle nivå og ein god kommunikasjon dei i mellom.

Gjennom arbeidet vårt er vi med på å retta fokus på dei for pasienten kritiske fasane i eit sjukdomsforløp: Sjukehusinnlegging, flytting mellom avdelingar, utskriving og kontrollperioden.

God kontakt

Etter kvart har praksiskonsulentane fått god kontakt med sjukehuslegane og det er vårt inntrykk at ordninga er godt motteken. Praksiskonsulentane deltek med innlegg og

synspunkt i ein del av dei faste legemøta, og etter behov har ein og organisert særsmøter. Fram til nå har nok aktiviteten i for stor grad vore avhengig av initiativ og innsats frå praksiskonsulenten. Fleire direkte innspel frå sjukehuslegane og kolleger ute er ønskjeleg. I ein travel klinisk kvardag, tykkjest det vanskeleg å få sett av nok tid til å utvikla og pleia samarbeid.

Epikrise og henvisning

Vi arbeider kontinuerlig med kvaliteten på epikriser og henvisningar. Eit steg i rett retning er at lege og sjukepleier nå samarbeider om ein felles utskrivingsrapport. Ein av årsakene til feilinformasjon om medisinbruk («Foreløpig epikrise» og «Sjukepleierrapport» som to ulike skriv), er dermed fjerna!

Det gode pasientforløpet

PKO engasjerer seg i «Det gode pasientforløpet». Det gode pasientforløpet er, slik vi ser det, nøkkelen til kvalitet i helsevesenet. Avgjerande er betre samanheng i pasientoppfølging, informasjonsflyt og problemløysing.

Medisinsk avdeling, nevrologisk avdeling og PKO arbeider nå med ein rapport om forløpet for pasientar med TIA og hjerneslag. For første gong rettar ein nå i denne samanheng fokus på pasientflyten ut av sjukehuset. Kirurgisk avdeling og PKO arbeider med colorectal cancer og flyt. Arbeidet med KOLS er i ferd med å starta opp.

«Praksisnytt»

Sjølv om målet vårt er ein papirlaus kommunikasjon og informasjonsflyt, er framleis papirutgåva av «bladet vårt», det viktigaste bindeleddet mellom sjukhuset og legane ute. Alle allmennlegar i sjukhuset sitt opptaksområde får bladet. Det same gjeld legane på SiR og ei rekje nøkkelpersonar i og utanfor sjukehuset.

I «Praksisnytt» set vi fokus på samarbeidet, på pasientflyten, på det som lettar kommunikasjonen. Eksempel på



tema: «Intranett på kontoret», «Radiologisk avdeling SiR. Informasjon og ventetid», «Helhetlig diabetesomsorg», «Lungekreft» og «Kontroll av brystkreftopererte». Alle utgåvene av «Praksisnytt» finn du på heimesida vår: <http://praksis.sir.no>

Besøk oss der!

«Praksisnytt» er gjort søkbart i fritekst og kan lastast ned på ein enkel måte. Heimesida vår er under utvikling. Etter kvart vil vi samla det meste av nyttig informasjon som vedgår samarbeidet der. Vi vil at avdelingane skal presentera seg og summarisk opplysa om ventetider. På heimesida finn du årsmeldingane våre og opplysningar om praksiskonsulentane. Kven dei er, avdelingar dei har kontakt med og kommunane dei har primæransvaret for kommunikasjonen med. Epikrisemalen slik han er vedteken for dei fleste avdelingane på SiR, er lagt ut. Sida vår er langt frå ferdig. Vegen blir til mens vi går. Vi tek gjerne imot alle gode innspel. *Ta kontakt med:*

Webmaster: asgeir.haugedal@isf.uib.no

Samarbeidskoordinator: dagfinn.carlsen@rl.telia.no

Kva slit vi mest med nå?

Utviklinga av elektronisk informasjon går for seint! På SiR har vi ikkje kome lenger enn til sending av svar frå klinisk kjemisk laboratorium til allmennlegane. I starten var mangelfull teknologi ei bremse. Nå er sperrene i hovud-

Oversikt over Praksisnytt

[Startside] [Alltidstisk stikkordregister] [Laite med Praksisnytt]

Bruk *** ved søk, t.d. "ant***"

Søk etter:

Start søk Tilbaketil

Arg.4.nr.3	Radiologisk avdeling SiR, informasjon og ventetid
Arg.4.nr.2	Informasjon fra Barneavdelingen
Arg.4.nr.1	Intranett. Intranett.
Arg.3.nr.15	Klinisk kjemisk avd. informerer. Øyevind. orienterer. PKO-Heimeside
Arg.3.nr.14	Behandling av hjertesvikt med betablokker.
Arg.3.nr.13	Samarbeidet mellom sjukehuset og allmennpraktiserar. (Bård Høe)
Arg.3.nr.12	Struma/tumor thyroidea. Hyperparathyroidisme. Småpuss.
Arg.3.nr.11	KOLS - diagnostikk i allmennpraksis.
Arg.3.nr.10	Helhetlig diabetesomsorg. Informasjon fra Fylkesdiabetessekspireier i Rogaland.
Arg.3.nr.9	Lungekreft.
Arg.3.nr.8	Akutt epigloitt hos voksne. Henvising til barneavd. Nytt fra Fødepoliklinikk. Smarteklinikk. Læserinnlegg (N.Lundstrøm)
Arg.3.nr.7	Akutt hjerteinfarkt og ustabil angina.
Arg.3.nr.6	Behandlingsopplegg ved ryggsmerte.
Arg.3.nr.5	Dopplerus. precerebrale halskar. Fort om ventetider. Pasienten i fokus - kurs om samarbeid.
Arg.3.nr.4	Samarbeid omkring arterielegokluder. Ventetid ved krosselminis og øyevind. Augud. Flytter.
Arg.3.nr.3	Ruptur av fremre korsbånd. Pasientflyt - operasjon hofteprotese. Plast.kir. poliklinikk.

Epikriseveiledning

Drøftet med og godkjent av medisinsk avdeling, hematologisk avdeling, nevrologisk avdeling, kirurgisk avdeling, ortopedisk kirurgisk avdeling og plastisk kirurgisk avdeling.

Oppdatert 26. mai 1999.

[Administrative data]

Avsender: Sykehus og avdeling/seksjon.

Pasientdata: Personnummer, navn og adresse.

Pasientansvarlig overlege: For ei samsel postleg. Det går fram av underskriften hvilken lege som har hatt kontakt med pasienten.

Mottaker: Fast lege/andre.

Kopi til: Innliggende lege/andre.

Innlagt dato:

Utkrøvet dato:

Diagnose/-er: Tekst og nummer.

[Resymé av sykehusoppholdet]

Sykehistorie: Kort oppsummering av tidligere sykdommer.

Grunn for denne innleggelsen.

sak dårleg økonomi. Ei arbeidsgruppe skal sjå på dette viktige feltet framover.

Neste steg

Innføring av PKO på Rogaland Psykiatriske Sjukehus (RPS) bør stå for tur. Behovet er der. Interesse frå RPS er der. Målet er å starta opp arbeidet i 2002. Allmennlegar som er interesserte kan ta kontakt med samarbeidskoordinator SiR.

Dagfinn Carlsen f. 1944

Ekamen frå Göttingen, Tyskland i 1970.

Distriktlege fram til 1984.

Helsesjef/Helse- og sosialsjef frå 1984 til 1988.

Allmennpraktikar med avtale fra 1989.

Samarbeidskoordinator (deltidsstilling) SiR frå 1998

Adr.: Krossen Legekontor, Postboks 194, 4358 Kleppe